

# Trondenes – eit lærd sentrum i mellomalderen

Rognald Heiseldal Bergesen

<https://doi.org/10.7557/ottar.8593>

Då Trondenes seminarium vart etablert i 1826 var det den første utdanningsinstitusjonen på eit slikt nivå i Nord-Noreg. Det danna ansatsen til Tromsø offentlige lærerskole, som frå 2009 har vorte ein del av UiT Noregs arktiske universitet. Likevel fanst det allereie på 1400-talet eit lærd miljø på Trondenes, eit miljø som vart borte i kjølvatnet av reformasjonen. Historiske kjelder om eit bibliotek der frå 1400- og 1500-talet antydgar ein kontinuitet frå mellomalderens katolske miljø til seminaret.

**D**et er særleg to forhold som fortel oss at Trondenes var eit lærd senter. Det eine er at det var eit fellesskap av fleire prestar som tok seg av gudstenestene der på 1400- og 1500-talet, det andre at prestane hadde tilgang til ei omfattande boksamling. Fleire av bøkene hadde funksjonar som strekte seg langt utover ei rein gudstenesteverksemd. Nokre av desse kan relaterast til intellektuell aktivitet og undervisning, typisk for kloster og domkyrkjer.

## Eit kollegium av prestar

Trondenes var eit såkalla kannikgjeld i sein-mellomalderen. På denne tida var enkelte

soknekyrkjer organiserte slik at den eigentlege og titulære soknepresten ikkje budde ved soknekyrkja si, sjølv om han fekk inntektene derifrå. I staden hadde han tilhald ved ei av domkyrkjene der han var ein av kannikane, det vil seie ein av prestane som administrerte domkyrkjene og som dreiv gudstenestene der. Slike prestegjeld der soknepresten var ein kannik, blir kalla kannikgjeld. Sokneprestane i desse måtte tilsette ein eller fleire vikarar som dei betalte for å ivareta messearbeidet i soknekyrkjene sine, mens dei sjølve var ved domkyrkja. Trondenes, som truleg var landets rikaste kannikgjeld mot slutten av 1400-talet, gav store inntekter til soknepresten, og var, slik sett, eit ettertrakta kall. Frå byrjinga av 1400-talet var



Figur 1. Koret i Trondenes kyrkje, med dei tre praktfulle alterskapa. Foto: Geir Gabrielsen, Sør-Troms museum

det sjølvaste dekanen i Nidaros, domkapittelets leiar og den fremste blant kannikane der, som var sokneprest på Trondenes.

Svein Eriksson (ca. 1400–1488), var dekan ved domkapittelet i Nidaros og sokneprest på Trondenes i heile 53 år, frå 1427 til 1480, og brukte store pengebeløp til å utsmykke kyrkja. I denne lange tida må han ha hatt stor innflytelse på drifta. Den nære kjennskapen han hadde til domkapittelet må ha påverka praksisen på Trondenes. Han utstyrte soknekyrkja si med kostbare alterskap, korstolar av eik og eit måla skriftlesingsgalleri (*lektorium*) som skilde koret frå skipet. Særleg korstolar og lektorium høyrde heime i større kyrkjer.

Det er grunn til å tru at dekanen, og kanskje også tidlegare sokneprestar, hadde tilsett fleire vikarar på Trondenes. Sjølv om dei skriftlege kjeldene er ganske vage om dette, er dei materielle nesten overtydelege. Éi skriftleg kjelde fortel at Hans Gaas (ca. 1500–1578), som var den andre superintendenten (biskopen) i Trondheims stift etter reformasjonen, oppløyste kollegiatet på Trondenes i 1561. Ei anna kjelde som vitnar om at det var eit kollegiat på Trondenes, er vikarpresten Olaus



Figur 2. Dei fem bevarte bokbinda, Pal. 61, Pal. 65 og Pal. 68, liggande på eit bord på lesesalen til Nasjonalbiblioteket i Oslo. Foto: Rognald Bergesen

Feldts opplysning frå 1664 om at det var seks eller sju prestar der i "papistisk" tid.

Dei materielle kjeldene gjev eit enda tydelegare bilde; både kyrkjebygning og inventar ser ut til å ha vore rigga for eit større presteskap. Koret i Trondenes kyrkje er det største som er bevart frå mellomalderen i Noreg, når ein ser bort frå domkyrkjene (Fig. 1). Eit stort kor gav plass for mange prestar. Det var åtte alter i kyrkja, i dag er seks av dei bevarte. Dersom alle altera var innvigde, skulle det ideelt ha vore åtte prestar på Trondenes. I tillegg var kyrkjens seksten korstolar innreidde i ein hestekoform på liknande vis som i Nidaros domkyrkje, men i mindre skala. Eit stort sakristi med alter på nordsida av koret på Trondenes har liknande plassering som kapittelhuset i Nidaros domkyrkje. Prestane på Trondenes skulle både ivareta ein avansert liturgi og ta seg av pliktene ved trondeneskyrkjas tretten annektskyrkjer og kapell, i eit område som strekte seg frå Kvæfjord i sør til Baltestad eller jamvel Hillesøy i nord.

Det seier seg sjølv at det truleg var ei pragmatisk drift av kyrkja på Trondenes, der det kanskje ikkje var messe ved alle altera kvar dag, og ikkje sunge til alle døgnets tider. Justin Kroesen opplyser i *Trondenes kirke – verdens nordligste middelalderkirke i stein* (2025) at det var liknande pragmatiske ordningar ved fleire større landsbykyrkjer i seinmellomalderens Nederland.

### Boksamlinga på Trondenes

De fleste kyrkjer hadde ikkje så mange bøker, ofte ikkje ein gong ein bibel. Dei hadde først og fremst ei messebok (*missale*) og ei tidebønebok, dei einaste bøkene som var nødvendige for at presten skulle kunne gjennomføre liturgien. Trondenes, derimot, ser ut til å ha hatt ei av dei største og mest rikhaldige boksamlingane i Noreg, sjølv om ho nok var langt ifrå så stor som den i Nidaros.

Den lærde dansken Martin Friedrich Arendt (1773–1823), tilknytta det som seinare vart Nationalmuseet i København, rapporterte på slutten av 1700-talet at det var 12 bokbind i folioformat på Trondenes, og at desse var restar etter ei større samling frå katolsk tid, altså frå før 1536. Arendt fortel vidare at det viktigaste i biblioteket hadde vorte flytta bort av biskop Krog hundre år tidlegare, altså på slutten av 1600-talet. Krogs bibliotek brann deretter opp i 1699. Dermed må ein anta at biblioteket på Trondenes hadde hatt mange fleire bøker enn dei som Arendt observerte. I tillegg til kva Arendt såg med sjølvsyn, støtta han seg nok også på ein munnleg lokal tradisjon, som mellom anna fortalde kva biskop Krog hadde gjort, og at det hadde vore fleire bøker der tidlegare.

**Glo. ordi.**

**N**emo cum prophetas versibus viderit esse descriptos metro eos est apud hebreos ligari: et aliquid simile habere de psalmis vel opibus salomonis. Sed quod i demosthene et tullio solet fieri: ut per cola scribantur et comata: quae utique per cola et non versibus conscripti sunt. Hos quodque vtilitate legitur puidentes interpretatio nem noua: nouo scribendi genere

**Prologus in Esaiam**

**Incipit prologus sancti Hieronymi in Esaiam prophetam.**



**N**emo cum prophetas versibus viderit esse descriptos metro eos est apud hebreos ligari: et aliquid simile habere de psalmis vel opibus salomonis. Sed quod i demosthene et tullio solet fieri: ut per cola scribantur et comata: quae utique per cola et non versibus conscripti sunt. Hos quodque vtilitate legitur puidentes interpretatio nem noua: nouo scribendi genere


**Nico. de lyra**

coma minus et colodque dicitur medius orationis. Coma vero se habet per modum articuli. et dicitur quod coma est quae nec est perfecta constructio nec perfecta sententia: sed ibi ponitur. Permodus vel percola. Colon vel cola ubi est perfecta constructio: sed non perfecta sententia: et ibi fit ponitur. Percola vero est quae perfecta est constructio et perfecta sententia. et ibi fit versus. verbi gratia. Esai. i. et si noluerit et me ad iracundiam provocauerit: ecce coma. Esai. i. deuorabit vos. ecce colon vel cola: quod constat ex duobus comatibus. Quia vero dicitur percola. ecce terminat sententia et fit periodus in fine versus: et dicitur a peri quod est circulus: et odos quod est canuus: quasi circularis et perfectus catus: et concordant facti versus. Ita dicitur in. i. etymol. ubi dicitur: Coma particula est sententia: colon mensura: periodus ambitus vel circuitus: finis ipse dicitur periodus a peri quod est circulus: et odos quod est via: quia in fine versus perfecta est via prolationis. Et subdit Isido. fit autem et colonio: ne verbum coma: et comate colon: et colon periodus. coma est iunctura finis. i. articulus: et respicitur: et si verum iudicet: ecce unum coma. Sequitur et aliud coma: ne turpe sit per fortissimo viro dicitur: factum est colon. i. membrum: quod intellectum sensui praestat. sed adhuc pendet oratio. Sicque dicitur de pluribus membris fit periodus: id est extrema sententia clausula. Ita vterque iudicium motum requirit. Percola autem longior esse non debet: sed ut spiritu vno proferatur. Percola loquitur Isido. in. i. etymol. de ista materia. Dicit enim ibi: Postura est figura ad distinguendos versus per cola: comata: et periodos. que dum ordine suo apponitur: sensum nobis lectionis ostendit. Dicit autem positura vel quia punctis positus annotantur: vel quia ibi vox per intervallo distinctionis deponitur: has greci thesauri vocant: latini posituras. Prima positura sub distinctio dicitur: eadem est et coma. Media distinctio sequens est: ipsa est et colon. Ultima distinctio est que totam sententiam claudit: ipsa est et periodus: cuius ut diximus partes sunt cola et comata: quarum diuersas punctis diuerso loco positus demonstratur. Abi enim in initio pronuntiatio nis: necdum plena sensui pars est: et tamen respirare oportet: fit coma: id est particula sensus: punctusque ad linam litterarum ponitur: et vocatur sub distinctio: ab eo quod punctum subitus: id est ad linam litterarum accipit. Abi autem in sequentibus iam sententia sensum praestat: sed adhuc superest aliquid de sententia plenitudine: fit colon: id est media distinctio: mediamque litterarum puncto notamus: id est ad mediam litterarum punctum ponimus. Abi vero iam per gradus pronuntiando plenam sententiam clausulam facimus: fit periodus: punctumque ad caput litterae separatur sententiam. Hoc quidem apud oratores: ceterum apud poetas: ubi in versu post duos pedes syllaba remanet. ut ibi: Arma virumquecano: coma est. quia ibi post scansionem praefixio verbi facta est. Abi vero post duos pedes de parte orationis nihil superest. ut ibi: Anglia: Flandria: colon est. totum autem versus periodus est. Aliqui exponunt: Per cola. id est per maiores decisiones: et per clausulas quasdam ex duabus vel pluribus dictionibus constantes: ut Esai. i. Dereliquerunt dominum: blasphemauerunt sanctum israel: ab alienari sunt retrosum. Et comata. id est minores decisiones: ut Esai. i. Vocabitur nomen eius admirabilis: consiliarius: deus fortis et. b Interpretationem nouam. istam scilicet translationem que iam noua dicitur: quia de primo vase translata: scilicet de hebreo in latinum: non sicut alie que primo de hebreo in grecum: post de greco transferebantur in latinum. Vel ideo dicit nouam: quia ante eum nemo de hebreo transtulit in latinum. l Nouo scribendi genere. id est profalce: quia antiqui philosophi et poete metricae solebant scribere: et non profalce. An de Isido. i. etymol. dicit: tam apud grecos quam apud latinos longae antiquiorum curam fuisse carminum quam profalce: omnia enim prius versibus condebantur. profalce autem studium. sero viguit. et ideo appellatur nouum genus scribendi.

**Nico. de lyra**

**N**emo cum prophetas versibus viderit esse descriptos metro eos est apud hebreos ligari: et aliquid simile habere de psalmis vel opibus salomonis. Sed quod i demosthene et tullio solet fieri: ut per cola scribantur et comata: quae utique per cola et non versibus conscripti sunt. Hos quodque vtilitate legitur puidentes interpretatio nem noua: nouo scribendi genere

Figur 3. Ei heilside frå Postillae perpetuae av Nicolaus frå Lyra. Teksten i den midtre firkanten er frå Bibelen, medan resten av teksten er kommentarane frå Glossa Oridnaria og av Nicolaus frå Lyra. Foto: Rognald Bergesen



Figur 4. Nicolaus frå Lyra (1270–1349), tresnitt frå 1500, Bildarchiv Austria, Österreichische Nationalbibliothek. Wikipedia. Public Domain

Det er i dag bevart fem bind frå til saman tre bibelverk og eit pergamentblad frå eit antifonale (tidesongbok) frå Trondenes. Samtlege er i folioformat, som er eit stort bokformat, med utgangspunkt i at kvart ark vart folda ein gong, slik at det til saman var fire sider av kvart ark (Fig. 2). To av bøkene er utgåver av Nicolaus frå Lyras *Postillae perpetuae*. Alle binda er trykte i løpet av 1400-talets to siste tiår, av anerkjende trykkarar frå respektive Venezia, Nürnberg og Basel. Slike tidlege trykk frå trykkekunstens voggetid (fram til 1501) blir kalla *inkunablar* og er blant dei mest kostbare bøker. Dei to bevarte inkunablane frå Trondenes har halde seg godt i dei meir enn 500 åra sidan dei vart trykte, og kan ha vore fem av dei 12 binda som vart nemnde av Arendt. Pergamentbladet kan også ha vore eit av desse tolv binda, sidan også dét er i folioformat.

I tillegg er det seks handskrivne kjelder frå perioden 1370 til 1812 som enten ramsar opp titlar eller nemner typar bøker frå bokbestanden i trondeneskyrkja. Dei nemner mellom anna fleire messebøker, biblar, og minst tre teologiske verk, i tillegg til dei bevarte verka av Nicolaus frå Lyra. Blant desse kjeldene er eit diplom frå rundt 1400 som nemner årtideboka på Trondenes, og Hans Gaas sin fortale til den danske omsettinga av erkebiskop Jons kristenrett (1561). Ei årtidebok listar opp dødsdagane for dei avdøde i prestegjeldet, som det skal lesast dødsmesse for på dødsdagen kvart år. Opplysningane frå Gaas sin fortale tyder på at erkebiskop Jons kristenrett var kjent for prestane på Trondenes, og at det truleg fanst eit manuskript med teksten også der. Det kan vere den eller andre kyrkjerettslege dokument som vart nemnde av biskop Nannestad i 1750, då han skreiv: «nogle codices juris Canonici» og ramsa opp bøker frå trondeneskyrkja. I tillegg vart det nemnd fleire boktitlar eller type bøker i eit vedlegg til «sogneprestens manntall på Trondenes 1664–1666» av vikarpresten Oluf Feldt, og av biskop Nannestad, i hans almanakk frå 1750. Prost Simon Kildal d.m. (1761–1822) omtalar fleire bøker, mellom anna dei fem som i dag er på Nasjonalbiblioteket i Oslo, i si innberetning til kommisjonen for oldsaker i 1810. I tillegg nemner Feldt og Nannestad og fleire lutheriske bøker frå dei to første åra etter reformasjonen.

Til saman dannar kjeldene såpass mange brikker i eit puslespel av bøker at ein anar konturar av ei samansett boksamling. Den dekte ikkje berre dei liturgiske behova på Trondenes, slik tilfellet var i dei fleste soknekyrkjer, men også meir intellektuelle behov. På Trondenes hadde ein også såkalla bibliotekbøker (for studieformål og søken etter kunnskap) og kyrkjerettslege bøker. Samlinga med liturgiske bøker på Trondenes er meir kompleks enn i mindre soknekyrkjer. Det var jamvel fleire messebøker der enn i mindre kyrkjer, noko som tyder på at det også var fleire prester der. I tillegg hadde kyrkja ei tidesongbok, ikkje berre ei tidebønebok. Sett i samanheng med at det også var korstolar på Trondenes, fortel dét at det var omfattande korsong der.

### Eit regionalt kompetansesenter

Trondenes ser ut til å ha vore eit kompetansesenter både religiøst, juridisk og administrativt. Sidan Sigrun Høgetveit Bergs artikkel i dette heftet omhandlar omsettinga av erkebiskop Jons kristenrett, vil eg her berre komme inn på dei religiøse sidene, som også er relevante for boksamlinga og eventuell undervisning.

Det meste av den liturgiske verksemda på Trondenes gjekk føre seg i koret, som var nesten heilt skjerma frå resten av kyrkja av ein korskillevegg.

Folk flest hadde ikkje tilgang der medan gudstene-  
sta gjekk føre seg, men dei kunne følge med frå  
kyrkjeskipet. Dei forstod heller ikkje latin, som var  
kyrkjas språk. Det var berre preika som vart lesen  
på lokalspråket. I kyrkjer med eit større preste-  
skap, slik som på Trondenes, var det vanlegvis ei  
såkalla konventualmesse om morgonen for heile  
det geistlege kollegiatet som heldt til der. Berre på  
søndagane omfatta messa heile kyrkjelyden. Ein  
av prestane leia konventualmessa, gjerne assistert  
av diakon, subdiakon og eventuelt anna tilgjen-  
geleg messetenarskap. Resten av prestskapet og  
andre kormedlemmer tok del frå korstolane med  
korsong. Under tidebønene veksla dei to langsida-  
ne i koret, dei to halvkor, med å syngje i tråd med  
eit komplekst system av svarsong (*responsorium*)  
og vekselsalme (*antifonale*). Utover dagen vart det  
i tillegg lese privatmesser ved sidealtera, med sjele-  
messe for døde medlemmer i kyrkjelyden.

Historikaren Trygve Lysaker hevda i 1987 at det  
også kan ha gått føre seg opplæring av prestar på  
Trondenes, i alle fall i dei lågare vigslegradane.  
Han tok utgangspunkt i kjelda som omtaler lektor  
Anders, som like etter reformasjonen omsette og  
underviste superintendent Gaas i erkebiskop Jons  
kristenrett. Det er også andre trekk ved boksam-  
linga, som ikkje var kjende då Lysaker var aktiv,  
som tyder på mogleg opplæring av prestar, og at  
dei kunne fordjupe seg i teologiske tema. Eit stort  
tilfang av bøker var i seg sjølv føremålstenleg når  
ein skulle lære å lese og skrive eller fordjupe seg  
i bibeltekstanes mysterium. Eg vil trekke fram to  
bibliotekbøker frå trondenessamlinga som viser  
to ulike tema: *Postillae perpetuae* av Nicolaus frå  
Lyra (1270–1349) og *Summa Theologica Moralis* av  
Antoninus frå Firenze (1389–1459).

### ***Postillae perpetuae***

Det er bevart to utgåver av Nicolaus frå Lyras  
*Postillae perpetuae* i samlinga frå Trondenes. Desse  
er på ei og same tid både biblar og kommentar-  
verk. Begge bøkene (kvar av dei er firebindsverk)  
inneheld Nicolaus frå Lyras utleggingar av Bibelen.  
Den eine inneheld i tillegg tilsvarende utleggingar  
frå verket *Glossa Ordinaria*, eit referanseverk frå  
tidleg mellomalder. Reint konkret er bibeltekstane  
plasserte i eit rektangulært felt sentralt på kvar  
side (Fig. 3). Når ein les bibelteksten i midten, er  
det lett å flytte blikket til tolkingane av same tekst  
på same side. Ved å utdjupe Bibelen ord for ord  
fungerte *Postillae perpetuae* som eit hjelpemiddel  
ved bibeltolking og preiker.

Forfattaren, fransiskanarmunken Nicolaus frå  
Lyra, var ein fransk teolog som underviste ved uni-  
versitetet i Paris (Fig. 4). *Postilla perpetuae*, hans  
mest kjende verk, var ein av dei mest populære  
bibelutleggande tekstane på denne tida. Det er



Figur 5. Byste av Antoninus frå Firenze (1389–1459) utanfor  
familiens hus i Firenze, her som helgen etter sin død.  
Bilde: Wikipedia

bevart rundt 80 utgåver i Europa. Eksemplara frå  
Trondenes er blant dei eldste *inkunablane* i Noreg.

Eitt av særtrekka ved Nicolaus frå Lyras tilnær-  
ming er vektlegginga hans av Bibelens bokstavlege  
tyding (*sensus literalis*), framfor dei meir allego-  
riserande tolkingane som hadde vore vanlege  
fram til då. Dette var nok også ei av årsakene til  
at Martin Luther (1483–1546) ofte brukte *Postilla  
perpetuae* i sine studium. Kanskje er det ein av  
grunnane til at desse bøkene blei bevarte så lenge  
på Trondenes. I mellomalderen kan dei ha gitt  
både ordinerte og kommande prestar ei djupare  
forståing av Bibelen enn kva dei fekk av preike-  
samlingar og messebøker. Etter reformasjonen  
kan dei ha hatt relevans på grunn av søkelyset på  
sjølve bibelteksten.

### ***Summa Theologica Moralis***

*Summa Theologica Moralis* var skriven av Antoni-  
nus frå Firenze mellom 1440 og 1459. Eksemplaret  
frå Trondenes er ikkje bevart, men vart sett av  
prost Kildal i kyrkja i 1810. Det kan godt ha vore  
blant dei 12 binda i folioformat som Arendt hadde  
sett då han var på Trondenes på slutten av 1700-  
talet. Ho var ei handbok i moralteologi til vegleiing  
av prestar og tok føre seg fleire aktuelle tema, som



Figur 6. Bebudelsen (1440–42) av Fra Angelico, Celle 3, San Marcoklosteret, Firenze. Bildet er eit av fleire freskomåleri måla i munkanes celler, der dei sov og meditererte. Klosteret og måleriet vart gjevne av Cosimo de Medici den eldre i bot for mellom anna å tene pengar på bankverksemda si. Bilde: Wikipedia

teologi, juss, politikk og økonomi frå ein moralsk synsvinkel.

Dominikanaren Antoninus frå Firenze var prior ved San Marco-klosteret i Firenze då han byrja på boka, og var ein av klosterets grunnleggjarar (Fig. 5). I 1446 vart han erkebiskop i Firenze og helgenkåra etter sin død. Ein del av *Summa Teologica Moralis* handlar om moralske aspekt ved inngåing av forretningskontraktar: Det var fellesskapets velferd som skulle ivaretakast. Ein skulle ikkje ha urimeleg høge renter – såkalla ågerrenter – på lån. Det var sett på som ei stor synd, også av kyrkja.

Bankmannen Cosimo de Medici den eldre (1389–1464), som i praksis var eineherskar i Firenze då boka vart skriven, var venn av Antonius, men samstundes hadde han tent seg rik som bankmann, mellom anna med ågerrente på lån. Ei av bøkene han betalte til kyrkja for dette finansierte San Marco-klosteret, inklusive dei mange freskomåleria til dominikanarmunken og målaren Fra Angelico (ca. 1395–1455) (Fig. 6). Donasjonar av kyrkjekunst og anna kostbart inventar for å gjere opp for handlingar kyrkja meinte var synd var vanlege over heile Europa. Det er ikkje utenkeleg at noko av inventaret på Trondenes har kome til på ein liknande måte.

### Frå Trondenes til Nasjonalbiblioteket


Fleire små vindauge opnar seg inn til boksamlinga frå mellomalderen på Trondenes når ein les om vitnesbyrda som presten Feldt, den intellektuelle Arendt, biskopane Krog og Nannestad og prosten Kildal hadde dei første hundreåra etter reformasjonen. Vi veit ikkje om desse bøkene spelte noko rolle ved Trondenes seminarium då det vart etablert i 1826, eller om dei vart innlemma i biblioteket der då, eller seinare på seminaret og lærarskulen i Tromsø. Det vi veit, er at det var ei overtyding blant folk som kjente til staden, om at Trondenes hadde vore noko stort i katolsk tid, og at denne overtydinga var sentral i argumentasjonen tidleg på 1820-talet, då det første lærarseminaret i Nord-Noreg skulle etablerast.

Dei fem bevarte binda og det bevarte pergamentbladet frå Trondenes enda, som vi var inne på innleiingsvis, opp på Nasjonalbiblioteket. Dei hadde vorte leverte til det gamle Universitetsbiblioteket i Oslo av to lærde menn som budde i Tromsø. Desse var nok i kraft av sine utdanningar og interesser meir kjeldekritiske enn folk flest, slik at det er liten grunn til å mistru opplysningane om bøkene opphav. Den eine var prokurator C. J. Martinus Nissen Dreyer (1808–1872), den andre skuledirektør P. J. B. Coucheron (1828–1912). Dreyer hadde, i tillegg til å vere jurist og fogd, vore ordførar og stortingsmann, og han hadde ei eiga boksamling

som han etter kvart gav til Tromsø kommunale bibliotek. Det var han som leverte pergamentbladet til Universitetsbiblioteket. Eit notat i marginen på manuskriptet refererer til Trondenes kyrkje, saman med opplysninga om at det opphavelig var ein del «af Bindet af en Bog fra Throndenæs Kirke». Coucheron, på si side, var utdanna teolog og hadde rundt 1860 skrive fleire kyrkjehistoriske artiklar i *Theologisk Tidsskrift* og i *Det Kgl. Norske Videnskabers Selskabs skrifter*, artiklar baserte på grundige arkivstudium. Det var han som leverte inn Nicolaus frå Lyras *Postilla perpetuae*. Fleire notat i margane, deriblant ein givarnotis og ein illustrasjon i eitt av binda, svarar til observasjonar som Kildal hadde gjort i 1810, då han den gongen bladde i dei. Alt dette uttrykker ein slags kontinuitet i boksamlinga frå mellomalderen til i dag. Slik sett kan ein kanskje – og heilt sikkert med ei altfor høg sigarføring og litt for mykje promille i blodet – hevde at UiT Noregs arktiske universitets historie starta allereie på 1400-tallet ved eit lærd miljø blant vikarprestar i Trondenes kyrkje.

### Litteratur:

- Berg, S. H. 2014. Trondenes kannikgjeld – makt og rikdom gjennom seinmellomalder og reformasjon. UiT.
- Bergesen, R. H. 2012. Sangere i det himmelske Jerusalem. Funksjonsanalyser av middelalderinventaret i Trondenes kirke. UiT.
- Bergesen, R. H. 2013. Middelalderens bibliotek på Trondenes. *Collegium Medievale* vol. 26.
- Dahl, H. 1976. *Tromsø offentlige lærerskole i 150 år: 1826–1976*. Tromsø.
- Kroesen, J. 2025. Et liturgisk kunstgalleri. Middelalderinteriøret i Trondenes kirke i europeisk kontekst. Stige M., Hauglid K. og Johansen T. E. (red.). *Trondenes kirke – Verdens nordligste middelalderkirke i stein*. Harstad.
- Ytreberg, N. A. 1936. *Det gamle Tromsø: en studie til byens historie inntil 1850-årene*. Oslo.



### Forfatter:

Rognald Heiseldal Bergesen er kunsthistorikar og fullførte si ph.d.-avhandling om inventaret i Trondenes kyrkje i 2012, og har som postdoktor arbeidd med bokillustrasjonar om samisk religion frå reformasjonstida. Han arbeider som universitetslektor på UiT og er deltakar i universitetets kunstutval og forskingsgruppa CNN.

E-post: [rognald.h.bergesen@uit.no](mailto:rognald.h.bergesen@uit.no)  
<https://orcid.org/0000-0003-2839-5473>